
Fra: Sigmund Braute [mailto:sigmund.braute@mimer.no]

Sendt: 23. oktober 2012 12:01

Til: Postmottak KUD

Kopi: birgitte@kino.no

Emne: Utkast til endringar / filmkontrollgebyret

Hei!

Dersom det er rett det Lene Løken skriv i ein e-post til kinoane, noko som det er liten grunn til å tvile på, så vil dei foreslåtte endringane som gjeld filmkontrollgebyret, føre til negative økonomiske konsekvensar for mellomstore og små kinoar. Ørskog Kino er ein liten kino, med samanhengande drift sidan 1947. Driftsforma har vore, og er, i hovudsak dugnadsbasert, først organisert av ulike lag og organisasjonar i bygda, seinare overtatt av ikkjekommunale Ørskog Samfunnshus a/l i 1988, da nytt kulturhus blei tatt i bruk. Av den grunn har vi vore i stand til å halde dette kulturtilbodet ved like i alle desse åra, også makta å gjennomføre digitaliseringa, inkl. 3D og nytt lydutstyr, sjølv sagt med økonomisk hjelp frå Ørskog kommune. Dersom kinoane blir påført yttarlegare økonomiske krav, da tenkjer eg først og fremst på små og privat drivne kinoar, som eg altså representerer, vil det auke sjansane for at vi dett ned frå den slakke lina som vi balanserer økonomien vår på. Det burde ikkje vere i Kulturdepartementet si interesse at dette skjer.

Som ein konklusjon vil eg be departementet vurdere om det er rett å påføre småkinoane ei ekstra belastning driftsmessig og økonomisk. Konsekvensen kan i verste fall bli at skaren av frivillige dugnadspersonar ikkje orkar meir, noko som kan føre til nedlegging av kinoar. Dette er ikkje å overdrive situasjonen, berre ei realistisk skildring av korleis kinodrifta fungerer i distriktsnorge av ein med ei fartstid på 33 år som dugnadsbasert kinosjef, rett nok med ei symbolsk lønn dei siste åra. Mitt håp er at departementet med dette forslaget ikkje vil vere med på å spenne beina under eit kulturtilbod som mange i ute i distrikta set pris på.

Vennleg helsing
Ørskog Kino
Sigmund Braute
Kinosjef

PS: Dersom departementet er interessert i å få meir kunnskap om korleis småkinoar blir drivne ute i distrikta, så anbefalar eg at rette vedkommande går inn på Ørskog Kino si heimeside, www.orskogkino.com og klikkar seg inn på «Ørskog Kino 60 år».